



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgssenter
Dato:	14.02.2013
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

- Orientering:**
- 1. Midsund skule – arbeidslivsfag – jaktbu og eigenutvikla hamburger v/Olav Tjelle**
 - 2. Politidekning i Sund v/politimester/politistasjonssjef og lensmann**

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/1	Underskrift	
PS 13/2	Referatsaker Open post	
PS 13/3	Reglement for årsavslutning	2013/44
PS 13/4	Reglement for budsjettoppfølging og rapportering	2013/45
PS 13/5	Reglement for tap på fordringar	2013/46
PS 13/6	Endring av lånegaranti for stiftelsen Midsund Boligselskap	2010/354
PS 13/7	Felles politiråd for Aukra, Midsund og Sandøy kommune	2012/568
PS 13/8	Eigengodkjenning av reguleringsplan for hytteområde Flesjø på G.nr. 114, B. nr. 1	2009/612
PS 13/9	Vegnamn i Midsund sentrum	2012/250

Midsund, 06.02.2013

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/1 Underskrift

PS 13/2 Referatsaker



Saksframlegg

Reglement for årsavslutning

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/5	Formannskapet	04.02.2013
13/3	Kommunestyret	14.02.2013

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner framlegg til reglement for årsavslutning
2. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapen blir gjort opp med underskot
3. Rådmannen får fullmakt til å redusere budsjettert overføring til investeringsrekneskapen dersom investeringsrekneskapen ikkje treng det
4. Rådmannen får fullmakt til å redusere netto meirutgift i investering med å gjennomføre strykningar
5. Reglementet erstattar tidlegare reglar om årsavslutning

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 04.02.2013

1. Midsund kommunestyre godkjenner framlegg til reglement for årsavslutning
2. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre strykningar dersom driftsrekneskapen blir gjort opp med underskot
3. Rådmannen får fullmakt til å redusere budsjettert overføring til investeringsrekneskapen dersom investeringsrekneskapen ikkje treng det
4. Rådmannen får fullmakt til å redusere netto meirutgift i investering med å gjennomføre strykningar
5. Reglementet erstattar tidlegare reglar om årsavslutning

Saksutgreiing:

Midsund kommune sine økonomireglement skal vere med å sikre etisk og effektiv forvaltning av kommunen sine verdier i tråd med kommunestyret sine planar og mål.

Økonomiregumenta bidreg til ein meir effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning og til god økonomistyring. Dei vil og omtale pliktar og rettar som gjeld for bruk, endring og oppfølging av kommunen sitt budsjett, samt klargjere det ansvar politiske fora og administrasjon har gjennom delegasjon av mynde.

I august i fjor vedtok kommunestyret reglar for økonomiplan, årsbudsjett, delegasjon og tilvising.

Rådmannen legg no fram forslag til reglement for årsavslutning, budsjettoppfølging og rapportering, samt tap på fordringar. Nytt finansreglement og rutinar for finansforvaltning kjem opp som eige sak i løpet av våren 2013.

Rådmannen vil i løpet av året vurdere om det er behov for ytterligere reglement og eventuelt legge forslag fram for kommunestyret.

Målsettinga er å få samla alle gjeldande økonomireglar som er vedteke av kommunestyret i ei regelsamling eller reglement.

Reglement for årsavslutning:

Dersom **driftsrekneskapen** blir gjort opp med underskot skal det gjennomførast fulle eller delvise strykningar i tråd med Rekneskapsforskrifta § 9. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre strykningar i prioritert rekkefølje:

- 1) overføringar til investeringsrekneskapen
- 2) avsetning til ubunde driftsfond
- 3) dekking av tidlegare års underskot

Strykningane gjennomførast heilt eller delvis til rekneskapen går i balanse.

Kommunestyret bestemmer om det først skal strykast overføring til investeringsrekneskapen, eller avsetning til disposisjonsfond før ein til slutt stryk dekking av tidlegare års underskot.

I tilfelle **investeringsrekneskapen** ikkje treng budsjettert overføring frå drifta får rådmannen fullmakt til å redusere heilt eller delvis overføringsposten.

Dersom **investeringsrekneskapen** blir gjort opp med eit netto meirforbruk får rådmannen fullmakt til å redusere meirforbruket heilt eller delvis med å

- 1) redusere budsjettert avsetning til ubundne investeringsfond
- 2) overføre budsjettert, ikkje disponert, bruk av ubundne investeringsfond til prosjekt med manglande finansiell dekning

Vurdering:

Rådmannen legg her fram sak om administrative fullmakter til strykningar ved årsavslutning. Det er nødvendig å ha reglar for rekkefølgja strykningar om ein i årsoppgjeret ser at driftsrekneskapen går med underskot eller investeringsrekneskapen har eit netto meirforbruk. Reglementet blir eit av fleire økonomireglar for kommunen.

Rådmannen kjem attende med eiga sak der han viser kva for budsjett- og økonomireglement som er vedteke av kommunestyret og som blir kommunen sitt samla økonomi- og finansreglement.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kommunestyret fastsett rekkefølga på strykningane og gir rådmannen fullmakt til å gjennomføre dei.

Ketil Ugelvik
rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta):

Reglement for årsavslutning

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2013/45-1
Arkiv: 150
Saksbeh: Anne Oterhals
Dato: 23.01.2013

Saksframlegg

Reglement for budsjettoppfølging og rapportering

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/6	Formannskapet	04.02.2013
13/4	Kommunestyret	14.02.2013

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner framlegg til reglement for budsjettoppfølging og rapportering
2. Reglementet erstattar tidlegare reglar om budsjettoppfølging og rapportering

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 04.02.2013

1. Midsund kommunestyre godkjenner framlegg til reglement for budsjettoppfølging og rapportering
2. Reglementet erstattar tidlegare reglar om budsjettoppfølging og rapportering

Saksutgreiing:

Eit reglement for budsjettoppfølging og rapportering er med på å bidra til effektiv og forsvarlig økonomiforvaltning og god økonomistyring i kommunen. Reglementet blir eit av fleire som samla vil utgjere kommunen sine økonomireglar.

Kommunelova § 47 fastslår at rammene kommunestyret har gitt i årsbudsjett er bindande for underordna organ. Vedtekne rammer må ikkje overskridast utan at det på førehand er gjort nødvendige endringar i budsjett, med unntak av utbetalingar kommunen er rettslig forplikta å gjere.

Kommunestyret gir si bevilgning til einingane som netto rammer per hovudansvar.

Om det skjer vesentlege endringar i løpet av budsjettåret i forhold til utgifter eller inntekter som ligg til grunn for budsjetttramma, skal rådmannen informere kommunestyret om desse slik at arbeidet med budsjettendring kan komme i gang.

I løpet av året skal rådmannen legge fram rekneskapsrapportar til kommunestyret slik:

1. Tertialrapport per 30.04
2. Tertialrapport per 31.08
3. Årsrekneskap og årsberetning per 31.12

I rapporten skal det gå fram om tenesteområda sine budsjett haldast innanfor vedteken ramme og om drifta i einingane sett i forhold til mål og premiss som er vedteke i budsjettet. Avvik skal kommenterast. Om nokon av einingane står i fare for ikkje å halde budsjetttramma si, skal rådmannen angi kva for endringar eller nye tiltak som er sett i verk for at ramma skal haldast. Rådmannen skal og informere om andre forhold av vesentleg betydning.

Vurdering:

Reglementet klargjer tidspunkt for tilbakemelding til kommunestyret om drifta i einingane sett i forhold til rammer, mål og premissar som er gitt

Reglementet som er med på å sikre ei god budsjettoppfølging gjennom året.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Reglementet fastslår når på året rådmannen skal legge fram rekneskapsrapport til kommunestyret.

Ketil Ugelvik
rådmann

Anne Oterhals
økonomisjef

Vedlegg (prenta): Reglement for budsjettoppfølging og rapportering

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Komrev3 IKS



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2013/46-1
Arkiv: 250
Saksbeh: Anne Oterhals
Dato: 23.01.2013

Saksframlegg

Reglement for tap på fordringar

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/7	Formannskapet	04.02.2013
13/5	Kommunestyret	14.02.2013

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner framlegg til reglement for tap på fordringar.
2. Reglementet erstattar tidlegare reglar for tap på fordring
3. Rådmannen får fullmakt til å ettergje krav som blir sett på som uerholdelig

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 04.02.2013

1. Midsund kommunestyre godkjenner framlegg til reglement for tap på fordringar.
2. Reglementet erstattar tidlegare reglar for tap på fordring
3. Rådmannen får fullmakt til å ettergje krav som blir sett på som uerholdelig

Saksutgreiing:

Reglement for tap på fordring gir retningsliner for når ei fordring skal konstaterast som tapt og gir rådmannen fullmakt til å ettergje kravet.

Reglane gjeld ikkje for tap knytt til

- Sosiallån under «Lov om sosiale tenester»
- Skattekrav under «Skattebetalingslova»

Vurdering:

Det er ikkje ofte kommunen må avskrive fordringar som tapt, men når det skjer er det viktig å ha reglar for kven som kan avskrive fordringa og kvar tapet skal førast.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
rådmann

Anne Oterhals
økonomisjef

Vedlegg (prenta): Reglement for tap på fordring

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2010/354-5
Arkiv: 250
Saksbeh: Anne Oterhals
Dato: 28.01.2013

Saksframlegg

Endring av lånegaranti for stiftelsen Midsund Boligselskap

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/8	Formannskapet	04.02.2013
13/6	Kommunestyret	14.02.2013

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre gir ny selvskyldnergaranti for lån på kr 925 000,- som Stiftelsen Midsund Boligselskap tar opp til refinansiering av lånet i Midsund kommune.
 - Garantien gjeld for lånet sin hovedstol maks kr 925 000,- med tillegg av eventuelle påløpte renter og omkostninger
 - Garantiansvaret reduseres i takt med nedbetaling på lånet og opphører etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskriften § 3.
2. Midsund kommunestyret endrer sine garantier på lån nummer 20040651 og 20040652 med samla saldo per 31.12.2012 på kr 7 581 050,- til Stiftelsen Midsund Boligselskap frå simpel garanti til selvskyldnergaranti.
 - Garantien gjeld for lånet sin hovedstol maks kr 7 581 050,- med tillegg av eventuelle påløpte renter og omkostninger
 - Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphører etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskriften § 3.
3. Fylkesmannen må godkjenne ny garanti og endring av garanti for at vedtaket skal vere gyldig.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2013

Einar Øien (FRP) stilte spørsmål ved sin habilitet då han er styreleiar i stiftelsen Midsund Boligselskap.

Settevaraordførar Odd Helge Gangstad (SP) leiar møtet.

4 voterande.

Einar Øien (FRP) vart samrøystes kjent inhabil etter Fvl. § 6 1. ledd bokstav e).

Ivar Blø (FRP) tok sete.

5 voterande.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 04.02.2013

1. Midsund kommunestyre gir ny selvskyldnergaranti for lån på kr 925 000,- som Stiftelsen Midsund Boligselskap tar opp til refinansiering av lånet i Midsund kommune.
 - Garantien gjeld for lånet sin hovedstol maks kr 925 000,- med tillegg av eventuelle påløpte renter og omkostninger
 - Garantiansvaret reduseres i takt med nedbetaling på lånet og opphører etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskriften § 3.
2. Midsund kommunestyret endrer sine garantier på lån nummer 20040651 og 20040652 med samla saldo per 31.12.2012 på kr 7 581 050,- til Stiftelsen Midsund Boligselskap frå simpel garanti til selvskyldnergaranti.
 - Garantien gjeld for lånet sin hovedstol maks kr 7 581 050,- med tillegg av eventuelle påløpte renter og omkostninger
 - Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphører etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskriften § 3.
3. Fylkesmannen må godkjenne ny garanti og endring av garanti for at vedtaket skal vere gyldig.

Saksutgreiing:

Stiftelsen Midsund boligselskap søker Midsund kommune om endring i garanti på kr 7 581 050,- og utviding av garanti med kr 925 000,- slik at dei kan innfri lånet dei har i kommunen.

Stiftelsen Midsund boligselskap er oppretta av Midsund kommune og har som formål å skaffe bustadar for utleige utan eige økonomisk formål.

I 2008 opna Kommunal- og regionaldepartementet for at kommuner kan stille selvskyldnergaranti for tredjepersons økonomiske forpliktelser. Før den tid kunne kommunen berre stille simpel garanti. Simpel garanti gir kommunen eit begrensa ansvar ved eit mislighold og kreditor må først søkast dekning i selskapet det garanteres for dei kan gå til kommunen. Med selvskyldnergaranti kan kreditor gå direkte på kommunen.

Dei fleste kommunale garantier som blir gitt er til selskap, som vår boligstiftelse, der kommunen står som eigar. Det er difor av interesse både for selskapet og for kommunen å få ein lågare rentekostnad.

Med selvskyldnergaranti vil selskapet få samme rentebetingelser på sine lån som kommunen har. I dag er forskjellen på rundt ein prosent. Samtidig tar kommunen på seg ein større forpliktelse.

Stiftelsen hadde per 31.12.2012 to lån i Kommunalbanken på til saman kr 7 581 050,- og eit lån i Midsund kommune på kr 925 000,-.

Lånet i kommunen vart gitt i 2004 som eit rente- og avdragsfritt lån for 5 år.

Per i dag er det ikkje inngått ny avtale mellom stiftelsen og kommunen om rentevilkår og nedbetalingstid.

Rådmannen ser det som formålstenleg å gi boligstiftelsen ein selvskyldnergaranti på kr 925 000,- slik at dei kan ta seg opp eit nytt lån i bank eller anna kredittinstitusjon sjølve og innfri sitt lån til oss.

Vurdering:

Boligselskapet vil dei få betydeleg lågare lånerenter om kommunen endrar sin garanti til selvskyldnergaranti. Midsund kommune si forplikting aukar.

Det er kommunen som eig stiftinga og difor har både selskapet og kommunen interesse av at dei får lågare renter på lån. Selskapet har hatt gode resultat i 2010 og i 2011 og hadde ein eigenkapital per 31.12.2011 på nesten 9.5 million kroner.

Rådmannen tilrår difor kommunestyret å gi ny garanti til stiftelsen.

Vedtaket må godkjennast av Fylkesmannen

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund kommune aukar si forplikting med å endre fra simpel garanti til selvskyldnergaranti dei garantiene som er gitt til Stiftelsen Midsund boligselskap og med å utvide garantisummen med kr 925 000,-.

Når boligselskapet innfrir sitt lån til kommunen vil kommunen få frigjort midler til investeringsformål.

Ketil Ugelvik
rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta): Stiftelsen Midsund boligselskap si årsberetning og årsrekneskap for 2011, oversikt over kommunen sitt garantiansvar per 31.12.2012, forskrift om kommunale garantier

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Stiftelsen Midsund Boligselskap, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Komrev3 IKS



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2012/568-2
Arkiv: 026
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 28.01.2013

Saksframlegg

Felles politiråd for Aukra, Midsund og Sandøy kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/4	Formannskapet	04.02.2013
13/7	Kommunestyret	14.02.2013

Forslag til vedtak:

Det vert etablert eit Politiråd, eit formalisert samarbeid mellom kommunane Aukra, Midsund og Sandøy og Sund lensmannskontor/driftseining Romsdal. Politirådets formål er å skape tryggleik og sikkerheit for alle innbyggjarane i kommunane.

Behandling i Formannskapet - 04.02.2013

Bjørn Wang (V) fremma følgjande forslag til tillegg:

” vidare auke politiet sitt nærvær i lokalsamfunnet.”

Votering:

Rådmannen si tilråding med tillegg fremma i møtet, samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 04.02.2013

Det vert etablert eit Politiråd, eit formalisert samarbeid mellom kommunane Aukra, Midsund og Sandøy og Sund lensmannskontor/driftseining Romsdal. Politirådets formål er å skape tryggleik og sikkerheit for alle innbyggjarane i kommunane, vidare auke politiet sitt nærvær i lokalsamfunnet.

Saksutgreiing:

I etterkant av møte mellom politi og kommunane i regionen i Molde 29.08.2012 vart ein einig om at det burde vere politiråd i Sund lensmannsdistrikt. Med bakgrunn i avgjerd teken av Regjeringa skal det etablerast eit formalisert samarbeid mellom politidistrikta og kommunane. Målet med dette samarbeidet er å få til systematisk samarbeid og felles idedugnad, jf rundskriv 2007/005 frå Politidirektoratet.

I skriv frå lensmann Odd Jørgen Nilsen er følgjande hovudmål uttalt.

Innbyggjarane i kommunane Aukra, Midsund og Sandøy skal oppleve tryggleik og sikkerheit. Det skal vere eit godt oppvekstmiljø for barn og unge, der ein skal førebyggje kriminalitet og rusmisbruk.

Mandat:

- Politirådet skal samle politi og lokale myndigheiter til systematisk samarbeid og felles idédugnader. Det skal vere ein felles arena for å omsetje kunnskap om lokale utfordringar til samordna innsats.
- Politirådet er eit samarbeidsforum på strategisk nivå i politi og i kommunane. Målet er å utveksle informasjon, etablere felles problemforståing og få kunnskap som er av strategisk betydning i høve til dei prioriteringar og avgjerder som må gjerast i politiet og i kommunane.
- Politirådet skal vere ein arena for å avklare gjensidige forventningar.
- Politirådet skal ha ein viktig rolle i det kriminalitetsførebyggjande arbeid blant barn og unge i kommunane .
- Politirådet er eit forum der dagsaktuelle spørsmål og problemstillingar kan drøftast.

Politirådet får slik samansetjing :

- Ordførarane (ein vert vald til leiar)
- Varaordførarane
- Rådmenn
- Lensmann

Partane i rådet står fritt til å invitere med andre aktuelle aktørar/ressurspersonar ved behov til dei enkelte møta.

Organisering:

- Ein av ordførarane i Aukra, Midsund og Sandøy kommune er leiar for Politirådet for ein periode på 2 år av gongen.
- Same kommune som har leiaren er sekretariat for same periode.
- Alle medlemmene i Politirådet kan melde inn saker. Sakene må meldast til sekretariatet seinast 2 veker før rådet skal møtast for å kome på sakskartet.
- Politirådet skal møtast fast tre gonger i året; ved årets start, forsommaren og tidleg haust. I tillegg kan det vere aktuelt at rådet/delar av rådet møtast for å drøfte aktuelle saker og situasjonar som krev felles innsats i den enkelte kommune.

Politirådet vil tidvis behandle saker som er unntatt offentlegheit, og politirådet sine representantar har taushetsplikt både når det gjeld munnleg og skriftleg materiale av slik karakter.

Vurdering:

Oppretting av eit slikt samarbeidsforum er i tråd med signal frå sentrale styresmakter.

Måla og intensjonane for eit slikt samarbeidsforum er gode. Førebyggjing av kriminalitet og rusmisbruk er noko som alle kan slutte seg til. Likeins er det viktig at innbyggjarane i kommunane skal oppleve tryggleik og sikkerheit. Eit slikt formalisert samarbeid kan vere eit bidrag i så måte. Vidare er det viktig at rådet har god kontakt med lokalsamfunn/ lokale aktørar som jobbar med kriminalitet og oppvekstvilkåra.

Rådmannen vil peike på viktigheita av at politiet er synleg og tilstades i lokalsamfunna.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen direkte økonomiske kostnader. Sekretariatsfunksjonen vil krevje litt arbeid.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Brev frå lensmann Odd Jørgen Nilsen.
Rundskriv frå POD 2007/005

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/612-34
Arkiv: 114/1
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 25.01.2013

Saksframlegg

Eigengodkjenning av reguleringsplan for hytteområde Flesjø på G.nr. 114, B. nr. 1

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/4	Planutvalet	04.02.2013
13/8	Kommunestyret	14.02.2013

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Flesjø, 114/1 og 113/2, plankart og føresegn datert 19.12.2012, planomtale av 10.04.12.
2. Reguleringsplana er områderegulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

Samrøystes tilråding i Planutvalet - 04.02.2013

1. Midsund kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Flesjø, 114/1 og 113/2, plankart og føresegn datert 19.12.2012, planomtale av 10.04.12.
2. Reguleringsplana er områderegulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

Saksutgreiing:

Reguleringsplana gjeld eit hyttefelt med 15 hytter på sør/vest sida av Midøya. Arealet er på 126,1 daa.

Tidlegare dokument:

- Søknad om oppstart frå Drønnen Gard AS den 15.01.10
- Oppstartsvedtak i planutvalet i sak 10/6 den 16.02.10
- Melding om oppstart av 11.03.10
- Svar på - Melding om oppstart frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 24.03.10
- Svar på - Melding om oppstart Møre og Romsdal fylkeskommune 29.03.10
- Svar på revidert varsel - Melding om oppstart Møre og Romsdal fylkeskommunen 19.05.10
- Arkeologisk registrering - Møre og Romsdal fylkeskommune 10.06.10
- Referat frå synfaring på planområdet den 03.09.10
- Utlegging til offentlig ettersyn Planutvalet sak 10/54 av 14.10.10 med høyringsfrist til 30.11.10.
- Frå Statens vegvesen av 16.11.10
- Frå Møre og Romsdal fylkeskommunen 30.11.10
- Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 29.11.10
- Nytt forslag av 31.01.11.
- Planutvalet møte den 15.02.11 sak 11/6. – Vedtak om drøfting med fylkesmannen og fylkeskommunen
- Møte i Molde den 28.02.11 – felles orientering/ utveksling av synspunkt.
- Synfaring den 23.05.11 - ikkje skrevet referat pga. det kom ikkje fram direkte signal.
- Frå Møre og Romsdal fylkeskommunen 09.06.11
- Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 27.05.11
- Ordførar Einar Øyen ber om mekling med fylkesmannen, brev av 03.07.12, med revidert planforslag av 10.04.12.
- Referat frå meklingsmøte med fylkesmannen den 27.09.12
- Oversending den 07.01.13 til Fylkesmannen, justert reguleringsplan av 19.12.12 i samsvar med mekling av 27.09.12
- Svarbrev frå fylkesmannen den 08.01.13 om godkjenning av forslaget til reguleringsplan av 19.12.12.

Vurdering:

Som det vises av tidlegare dokument var dei ingen merknadar frå naboar. Avklart tidleg i prosessen med Statens vegvesen.

Den vanskelege avklaringa/ motsegn var frå fylkesmann og fylkeskommunen. Møte med Fylkesmannen og Fylkeskommunen i Molde den 28.02.2011, og synfaring på Flesjan den 23.05.11. (Mk: Helge Orten og Inge Rakvåg). (Utbyggjar Eivind Raknes og Harald Hjelle arkitekter As) (Fm: Otnes og Fk. Loen). Dette gav ingen konkrete signal som vi kunne bruke vidare. Svara kom som høyringsbrev.

Motsegn på reguleringsplan av 31.01.11 frå:

Møre og Romsdal fylkeskommune brev av 09.06.2011

Konklusjon

Etter vår vurdering av framlagt revidert planforslag og synfaring på staden, er omsynet til dei strandnære kvalitetane i Flesjebukta framleis ikkje godt nok ivareteke. Vi held fast ved vår motsegn knytt til den nedste hytterekka, tomt nr. 7-13. Vi rår også klart til at tomt nr. 14 går ut av planen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal brev av 27.05.2011

Konklusjon

På bakgrunn av møte og synfaring har Fylkesmannen følgjande tilbakemelding på det reviderte planforslaget:

- *Fylkesmannen held fast ved motsegna knytt til hyttene 7-10 og 12-14.*
- *Andre endringar innfrir merknadene frå Fylkesmannen, og vi kan trekke motsegna.*
- *Vi rår til at hyttene 11 og 15 blir tatt ut av planen.*

Planutvalet behandla innkomne merknadar i møte den 15.02.11 sak 11/6. – Vedtak om drøfting med fylkesmannen og fylkeskommunen for å finne løysing på motsegnene.

Møte med fylkesmannen og fylkeskommunen i Molde den 28.02.11 – felles orientering/ utveksling av synspunkt.

Synfaring den 23.05.11 - ikkje skrevet referat pga. det kom ikkje fram direkte signal.

Dette gav ingen konkrete signal som vi kunne bruke vidare. Svara kom som høyringsbrev, jfr. ovanfor.

Diverse møter med utbyggjar blei halde for å sjå kva som var mogleg å "godta" av motsegnene. Nytt planforslag vart utarbeida av 10.04.12 med planomtale av 10.04.12 som vart lagt til grunn i meklingsmøtet mellom Fylkesmannen og Ordførar i Midsund den 27.09.12.

Etter meklingsmøtet vart det laga eit revidert planforslag av 19.12.12 som vart godkjent av fylkesmannen i brev av 08.01.13.

Konklusjon.

Rådmannen legg fram eit planforslag datert 19.12.12 med planomtale av 10.04.12 utan motsegn frå fylkeskommune og fylkesmann og tilrår at reguleringsplana blir eigengodkjent.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Planomtale 10.04.12. Plankart med føresegn av 10.12.12
Motsegnsbrev frå Fylkesmannen av 26.05.11
Motsegnsbrev frå Fylkeskommunen av 09.06.11
Referat frå Meklingsmøte med Fylkesmannen av 27.09.12
Stadfesting frå Fylkesmannen, revidert planforslag av 19.12.12 er i samsvar med meklingsforslaget.

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Fylkesmanne i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen og Drønnen Gard AS.



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2012/250-8
Arkiv: L32
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 14.01.2013

Saksframlegg

Vegnamn i Midsund sentrum

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/3	Formannskapet	04.02.2013
13/9	Kommunestyret	14.02.2013

Forslag til vedtak:

Vegnamn for Midsund sentrum vert vedteken slik dei ligg føre, jf. vedlagt liste datert 14.1.2013 samt kart med vegparsellar datert 16.10.2012

Behandling i Formannskapet - 04.02.2013

Formannskapet behandla rådmannen sitt forslag til vedtak punktvis:

1. Bjørn Wang (V) fremma følgjande forslag til endring:

”Indre Otrøyvegen endrast til Innsidevegen”

Det vart votert alternativt mellom rådmannen si tilråding og forslag fremma av Bjørn Wang (V). Rådmannen si tilråding vart vedteke med 3 mot 2 røyster.

2. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
3. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
4. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
5. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
6. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
7. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
8. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
- 9.

10. Odd Helge Gangstad (SP) fremma følgjande forslag til endring:

”Ytre Otrøyvegen endrast til Utsidevegen”

Det vart votert alternativt mellom rådmannen si tilråding og forslag fremma av Odd Helge Gangstad (SP). Rådmannen si tilråding vart vedteke med 3 mot 2 røyster.

11. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
12. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
13. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
14. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
15. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
16. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
17. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke

18. Einar Øien (FRP) fremma følgjande forslag til endring:

”Torvenesvegen endrast til Industrivegen”

Det vart votert alternativt mellom rådmannen si tilråding og forslag fremma av Einar Øien (FRP). Forslag fremma av Einar Øien vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

- 19.
20. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
21. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke
- 22.
23. Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 04.02.2013

Vegnamn for Midsund sentrum vert vedteken slik dei ligg føre, jf. vedlagt liste datert 14.1.2013 samt kart med vegparsellar datert 16.10.2012, med endringar gjort i møtet:

18. Idrettshallen – Aker Midsund
 - Industrivegen

Saksutgreiing:

Midsund kommune har vore gjennom ein prosess for å tildele vegnamn i Midsund sentrum. Det har vore offentleg høyring, namnekomiteen har kome med forslag, og den endelege lista med forslag har vore sendt på høyring til Stadnamntenesta for Midt-Noreg.

Kommunestyret vedtok ni vegnamn i K.sak 1/85, 28.2.1985. Desse namna vart ikkje sendt til Stadnamntenesta for godkjenning, og har heller ikkje blitt registrert som ein del av ein adresseringsprosess.

Kommunestyret er vedtaksmyndigheit for vegnamna i kommunen. Dei namna som no blir lagt fram er godkjend av Stadnamntenesta for Midt-Noreg. Dersom kommunestyret ønskjer å endre vegnamn, må desse endringane sendast til Stadnamntenesta på ny høyring.

Stikkvegar som ikkje er med på lista, vil bli adressert som sidevegar til den vegen dei har tilknytning til.

Rådmannen ønskjer at alle vegnamn skal slutte på *-vegen*, dette for å ha eit oversiktleg og ryddig system. Ein vil då t.d. kunne skilje mellom området *Bøen* og vegen *Bøvegen*, området *Stormyra* og vegen *Stormyrvegen* osv.

Ein vil her gå gjennom alle vegparsellane, og liste opp alle forslag til vegnamn. Namn som blir føreslått vedteke er utheva med feit skrift.

Vurdering:

1. Toppen av "Midsundbakken" - Solholmen (FV 202, sørsida av Otrøya)

- **Indre Otrøyvegen**
- Indre Otrøyveg
- Innsidevegen
- Innsida

På folkemunne blir sørsida av Otrøya gjerne kalla "Innsida", av naturlege årsaker. I Midsund kommune har vi to "innsider", både på Otrøya og Midøya. Ved adressering er det viktig at vegnamna er informative og beskrivande for kunne finne fram på ein enkel måte. Rådmannen ønskjer difor å vedta *Indre Otrøyvegen*. Bestemd form er rett skrivemåte.

2. [Bøen] Avkjøring FV 202 - "ungdomsleilegheitene"

- **Heimstevikvegen**
- Heimstadvikvegen

Namnet kjem frå Heimstevika som ligg like sør for denne vegen. Rett skrivemåte er *Heimstevikvegen*.

3. [Bøen] Avkjøring FV 202 - Midsund barnehage

- **Bøvegen**
- Bøenvegen
- Bøen

Rådmannen ønskjer at alle vegnamn skal slutte på *-vegen*. Rådmannen meiner også at *Bøvegen* kling litt betre enn *Bøenvegen*.

4. [Bøen] Avkjøring FV 202 - dei nye omsorgsleilegheitene

- **Tunvegen**
- Solsidevegen

Rådmannen er kjent med at området ved omsorgsleiligheitene vert kalla "Tunet" i daglegtale. Ein foreslår difor å kalle vegen *Tunvegen*.

5. Bukthaugvegen - Midsund barnehage

- **Postvegen**

Vegen går forbi gamle posten i Midsund. *Postvegen* blir difor eit naturleg namn.

6. Straumsnesvegen – Brokvika

- **Brokvikvegen**
- Leirvikvegen

På kartet står det Leirvika, men vika heiter Brokvika. *Brokvikvegen* blir difor eit naturleg namn.

7. Avkjøring FV 668 – Straumsneset

- **Straumsnesvegen**
- Strømsnesvegen
- Nedstebuvegen

Namnekonsulentane har henta inn opplysningar om at Strømsneset/Straumsneset ikkje nyttast til vanleg, og at vanleg daglegtale fram til no er "Nedstebua" for området. Ein bør difor vurdere om vegen bør heite *Nedstebuvegen*. Om kommunen vel det opphavslege namnet, må namnet skrivast *Straumsnesvegen*, jamfør talemålet og normeringspraksis i kommunen. Kommunestyret vedtok vegnamnet *Strømsnesvegen* i 1985.

8. Legesenteret – Straumsnesvegen

- **Bukthaugvegen**
- Drammensvegen

Vegen går frå/til Bukthaugen ved legesenteret. Vegnamnet *Bukthaugvegen* vart vedteken av kommunestyret i 1985.

9. [Denne vegparsellen er fjerna, og blir adressert til *Ytre Otrøyvegen*. Saka har vore drøfta i formannskapet.]

10. Midsundbrua – Solholmen (FV 668, Nordsida av Otrøya)

- **Ytre Otrøyvegen**
- Ytre Otrøyveg
- Ytterotrøyvegen
- Utsidevegen
- Utsida

På folkemunne blir nordsida av Otrøya gjerne kalla "Utsida". I Midsund kommune har vi to "utsider", både på Otrøya og Midøya. Ved adressering er det viktig at vegnamna er informative og beskrivande for kunne finne fram på ein enkel måte. Rådmannen ønskjer difor å vedta *Ytre Otrøyveg*. Bestemd form er rett skrivemåte.

11. Sjøsllettevegen – Lyngja

- **Lyngjavegen**

Vegen går opp til Lyngja, derav namnet. Vegnamnet *Lyngja* vart vedteken av kommunestyret i 1985. Rådmannen ønskjer at alle vegnamn skal slutte på *-vegen*, og ein rår difor til skrivemåten *Lyngjavegen*.

12. FV 668 – Sjøslletta

- **Sjøsllettevegen**

Vegen går langs Sjøslletta, derav namnet. Vegnamnet *Sjøsllettevegen* vart vedteken av kommunestyret i 1985.

13. FV 668 – Sjøsllettevegen

- **Teigavegen**
- Sjøsllettesvingen

Vegen blir kalla *Teigabakken* på folkemunne. Rådmannen ønskjer at alle vegnamn skal slutte på *-vegen*, og ein rår difor til skrivemåten *Teigavegen*. Vegnamnet *Teigavegen* vart vedteken av kommunestyret i 1985.

14. Støttnesvegen – Sjøsllettevegen

- **Bakkevegen**
- Bakkvegen

Vegen ligg delvis på garden som blir kalla "Bakken" i daglegtale. På kartet står det også "Midsundbakken" i området. Stadnamntenesta stiller spørsmål om namnet blir uttala *Bakkvegen* eller *Bakkevegen*. Her må kommunen følgje talemålet. Det er rådmannen si oppfatning at *Bakkevegen* er det riktige.

15. FV 668 – Stuttneset

- **Stuttnesvegen**
- Støttnesvegen

Vegen går ned til *Stuttneset*, og skrivemåten på vegnamnet må følge skrivemåten av naturnamnet *Stuttneset*. Skrivemåten vart vedteken i 1995 etter vedtak i Klagenemnda for stadnamnsaker. I namnevedtak frå 1992 står det at Romsdalen har uttalen *støtt* for ordet *stutt*. Uttalen av naturnamnet og vegnamnet blir ikkje endra, men rett skrivemåte blir *Stuttnesvegen*.

16. Stuttnesvegen – Torvenesvegen

- **Gjerdevegen**
- Kolbeingjerdet

Vegen går over gnr. 50 bnr. 5, som vert kalla "Kolbeingjerdet" eller "Gjerdet". Namnet "Kolbeingjerdet" kjem sannsynlegvis etter første brukaren på garden, Kolbein Ingebrigtsen. Då Rådmannen ønskjer at alle vegnamn skal slutte på *-vegen*, rår ein difor til skrivemåten *Gjerdevegen*. Vegnamnet *Kolbeingjerdet* vart vedteken av kommunestyret i 1985.

17. Stuttnesvegen – Breivika

- **Breivikvegen**

Vegen går ned til Breivika, derav namnet. Vegnamnet *Breivikvegen* vart vedteken av kommunestyret i 1985.

18. Idrettshallen – Aker Midsund

- **Torvenesvegen**
- Industrivegen

Namnet *Industrivegen* har sitt utspring i drifta ved Midsund bruk/Aker Midsund. Per dags dato høyrer både skule, barnehage og idrettsanlegg til denne vegen. Rådmannen ønskjer difor å gje vegen eit meir nøytralt namn. Neset der Aker Midsund held til heiter Torveneset, og *Torvenesvegen* vil difor vere eit godt alternativ. Vegnamnet *Industrivegen* vart vedteken av kommunestyret i 1985.

19. [Denne vegparsellen er fjerna, og blir adressert til *Selvikvegen*. Saka har vore drøfta i formannskapet.]

20. Vegar i Selvika bustadfelt

- **Selvikvegen**

Vegen går ned til bustadfeltet i Selvika, derav namnet.

21. Kunstgrasbana - Øylaks

- **Digernesvegen**
- Stadionvegen
- Fotballvegen

Vegen går ned til Digerneset, derav namnet.

22. [Denne vegparsellen er fjerna, og blir adressert til *Ytre Otrøyvegen*. Saka har vore drøfta i formannskapet.]

23. FV 668 – Stormyra Industriområde

- **Stormyrvegen**
- Industrivegen
- Galtenesvegen

Rådmannen ønskjer å ha ei nær tilknytning mellom det godt innarbeidde namnet *Stormyra industriområde* og det nye vegnamnet. Rådmannen rår difor til vegnamnet *Stormyrvegen*.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Liste over vegnamn datert 14.1.2013
Kart med vegparsellar datert 16.10.2012
Tilråding frå Språkrådet datert 19.12.2012

Referat av møte i Namnekomitéen 6.9.2012
Innspel til vegnamn frå Marte Fremstedal 22.5.2012
Innspel til vegnamn frå Bjørnar Opstad 28.6.2012

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Stadnamntenesta for Midt-Noreg, NTNU, Institutt for nordistikk og
litteraturvitskap, 7491 Trondheim
Kartverket Landdivisjonen, 3506 Hønefoss
Marte Fremstedal, martemor46@hotmail.com
Bjørnar Opstad, bjornaropstad@gmail.com